



Naturvernforbundet
Hallingdal

Nesbyen kommune
postmottak@nesbyen.kommune.no

2.09.25

Høyringsvar for Kommuneplan/Samfunnsdelen for Nesbyen kommune

Naturvernforbundet i Hallingdal (NiH) vil kome med desse innspela til forslaget til ny Kommuneplan / samfunnsdelen for Nesbyen:

- 1) Naturvernforbundet i Hallingdal (NiH) meiner at hensynet til urørt natur i Nesbyen bør koma tydelegare fram i planforslaget og då i sær hensynet til villreinen i Nesfjellet.

Utbygginga i Nesfjellet har vore voldsom dei siste tiåre med omlag 1 800 einingar. I tillegg kjem tomtereserven på svimlande ca 3400 einingar. Ei slik utbygging vil føre til ein voldsom auke i turisttrafikken i Nesfjellet, noko som er svært uheldig for ei allereie hart pressa **villreinstamme**.

Miljødirektoratet har lagt fram (20.12.23) ei tiltaksplan for å hjelpe villreinen og her står det mellom anna at: "Å hindre ytterlegare hyttebygging i eller inntil villreinområda er eit svært viktig tiltak, og problemstillinga er felles for alle dei norske villreinområda."

Det vil difor vere svært viktig at Nesbyen foretek ein grundig gjennomgang av godkjente reguleringsplaner i dette området, ein såkalla **planvask**, slik at planene kan vurderast på nytt ut frå dei krava me i dag stiller om kunnskapar og kartlegging av naturmangfaldet jmf Naturmangfaldlova § 8-12. Slike regulerte områder bør kommunen føre attende som LNF områder. Kommunen risikerer ingen erstatningskrav så lengje kommunen ikkje har gjett byggeløyve.

Fortetting av eksisterande hyttefelt vil hindre vidare nedbygging av fjellområda i Nesbyen og det er positivt, men ei fortetting vil medføre auka ferdsel i fjellområda der villreinen held til. Det er difor svært uheldig!

Nesbyen kommune har veldig **lite med open fastmark**, altså mark over skoggrensa, viser ferske tal frå SSB, Statistisk sentralbyrå. Berre 136 kvadratkilometer er open og ubebygd fastmark inkludert bart fjell med steinblokker. Dette fjellarealet utgjer berre 16,8% av det totale arealet i kommunen.

Til samanlikning har Hemsedal kommune 476 kvadratkilometer øpen fastmark og fjell med stein og dette utgjør heile 63,2% av det totale arealet i kommunen. Det betyr at turistnæringa i Nesbyen (3 940 hytter) har svært begrensa tilgang til fjellområder. Dette arealet skal delast med villreinen, det biologiske mangfaldet, jordbruket og beitedyra. Ikkje rart at det oppstår store konflikter når areala er sopass småe. Det blir difor svært naudsynt å begrense hyttebygginga i Nesfjellet i åra framover for å ta vare på dei fjellområda som er att.

I Hytteveilederaen (september 2022) som er sendt ut frå Stortinget står det mellom anna at:

"Unngå utbygging i område med viktige beiteressursar for husdyr. Unngå utbygging på dyrka og dyrkbar mark.... Ved planlegging av nye fritidsbustader må det takast omsyn til verdifulle kulturminne og kulturmiljø. Kulturminna som skal vernast, må gjevast tilstrekkeleg rom, slik at dei ikkje blir skadde av inngrep eller auka ferdsel og aktivitet knytt til fritidsbustadene "

Nesbyen kommune bør difor, slik me ser det, setje all hyttebygging på vent inntil me ser konsekvensane av den enorme hyttebygginga som har vore i bygda dei siste tiåra.

- 2) Stortinget har slutta seg til **Naturmangfaldsavtala frå Montrael i des 2022** og med det gjeitt nasjonale føringar til fylker og kommuner i Norge. Med denne avtala har Norge forplikta seg til å **verne** 30% av naturområda i Norge og **restaurere** 30% av øydlagt natur innan 2030.

So langt har Nesbyen kommunen verna omlag 2,9% av det totale arealet i kommunen, mens Norge har samla sett verna omlag 17,2% av landarealet sitt. Det betyr at Nesbyen kommune må prioritere vern av natur i åra framover. På Nesfjellet er det mykje myrar. Ein god start ville vere å verne alle myrer og våtmarksområder i kommunen og verne vernskogen som veks opp mot tregrensa.


- 3)
Mange kommunar i Norge har innført ein regel om **arealnøytralitet**. Når eit areal vert bygd ut, må eit tilsvarande godkjent areal fjernast frå kommunekartet. Dette bør Nesbyen kommune innføre snarast råd, som eit fyrste steg, for å nå måla i Naturmangfaldsavtala.

Kommunen bør også innføre krav om delingsøkonomi for fritidsboligar slik at ein kan unngå at hyttene står tomme store delar av året.
- 4) Skiheisanlegg bør ikkje byggjast slik at dei går heilt opp på fjelltoppane. Fjelltoppane er eit fellesgode som til tilhøyrer alle!
- 5) I Plan og Bygningslova er det krav om at det ikkje kan gjerast inngrep i eit belte på 100 meter frå vatn, bekkar og vassdrag med årssikker vassføring. Denne regelen er viktig for å ivareta naturmangfaldet i og rundt vassdraget. Vegetasjonen som fins i dette 100 metersbeltet, stabiliserer jordsmonnet og er med på å forebyggje erosjon, flaum og skred ut mot vassdraget.

- 6) Det bør ikkje byggjast i og over tregrensa. Det er grunn til også å minne om at slike utbyggingar er i strid med **nasjonale og regionale føringar**. I Hytteveilederaen (september 2022) som er sendt ut frå Stortinget står det mellom anna at:
*"Det er derfor viktig å verne samanhengande naturområde utan inngrep i skogbeltet under snau-
fjellet.Unngå ny fritidsbusetnad i og over skoggrensa ...Unngå utbygging som bryt tydelege
åsprofilar eller viktige horisontlinjer ..."*
- 7) Naturvernforbundet i Hallingdal (NiH) meiner at **kunnskapsgrunnlaget og kartlegginga av naturmangfaldet i kommunen** er for dårleg. Me vil vise til Naturmangfaldlova §8-12. Det er kommunen sitt ansvar å skaffe til vege kunnskapar om naturmangfaldet i kommunen slik at kommunepolitikerane kan fatte kloke og langsiktige vedtak der hensynet til natur og miljø er ivaretekje .

I Biofokusrapporten frå mars 2023 står det at: "Samlet sett vurderes kartleggingsstatus for Nesbyen kommune som lite til ufullstendig kartlagt for store deler av kommunen.. " **Kartlegginga bør foregå gjennom alle årstidene og før ein evt hogst i eit utbyggingsområde.** Det er viktig å få kartlagt større områder som kan vere interessante m h t naturmangfaldet for å skaffe tilstrekkeleg kunnskapar slik at dei mest såbare områda i kommunen kan evt vernast.

Kartet nedanfor er henta frå Biofokusrapporten og viser at kartlegginga av naturmangfaldet i kommunen er svært mangelfull. Berre dei grønne avmerka områda er kartlagde.



- 8) Nesbyen kommune må utarbeide sin eigen **stig-ski og sykkel/løypeplan**. Med sykkel/skiløyper følgjer mykje trafikk, og dette forstyrrer plante og dyrelivet i området. Kommunen bør vere spesielt merksame på artar som villrein, andre raudlisteartar (sjå Artdatabanken) og rovfuglar som kongeørn. Når kommunen planlegg løypenettet, må hensynet til naturmangfaldet inn i planprosessen.

Kommunen bør samarbeide med nabokommunane om slike løypeplaner.

- 9) Nesbyen kommune må få ned **klimagassutsleppa sine**. NiH ynskjer å utfordre turistnæringa på Nesbyen som i stor grad er bygd opp omkring skibakkanlegg og løypenett. Turistnæringa må som alle oss andre, ta eit klimansvar og bidra i arbeidet for å kutte klimagassutsleppa. Kva med å markedsføre seg sjølv med tilbod om klimanøytrale skiløyper eller økoløyper? Prepareringsmaskinene må elektrifiserast!

Kommunen bør leggje til rette for at preparering av skiløyper skjer i områder der folk bur, altså nede i dalsida. Det betyr at det blir mindre bilkøyning for å få seg ein skitur, altså mindre klimagassutslepp, og lettare å rekkje ein skitur på ettermeddagen etter arbeid. Altså ein god folkehelseeffekt. I tillegg kjem at det er mindre vind i dalbotnen/dalsida enn oppe på fjellet, noko som gjer at det ikkje trengs å prepare løypene så ofte. Altså mindre klimagassutslepp.

For å få ned **klimagassutsleppa**, som er eit nasjonalt ynskje, bør kommunen stille krav til anleggsmaskiner, bussar, lastebilar og traktorar osv om nullutslepp f eks ved at det skal nyttast biodiesel HVO eller elektrisitet som drivstoff. Det må innførast eit krav om at all utbygging og drift i kommunen må ha eit klimaregskap. Hugs at Norge har forplikta seg til å redusere utsleppa av klimagassar med 55% innan 2030 (frå 1990 nivået).

Alle bygg som vert ført opp, også eldre, bør ha solceller på tak evt på veggjar. Vidare bør alle nybygg fylgje normane for passivhus, og utbyggjar må dokumentere gjenbruk av materialar. Jordvarme kan vere eit godt alternativ i større bygg med dårlege lysforhold. Å nytte mindre betong/plast og meir fornybart trevirke er ynskjeleg.

Kommunen må også stille krav om at hvis utbyggjar ynskjer torv på tak, så kan ikkje den hentast frå myr. Utbyggjar må kunne dokumentere kor torva kjem frå.

Vanlegvis vil all utbygging føre til auka utslepp av klimagassar sidan mykje karbon er bønde i dyr og planterester som ligg i den øvste delen av jordsmonnet i urørt natur. Framtidige planter som skulle binde klimagassen CO₂, blir fjerna. Det er derfor ynskjeleg å byggje minst mogleg på nye områder og heller reparere/byggje på utbygde områder.

- 10) Sykkelturismen brer om seg og fører til stor slitasje på vegetasjonen og myrområder blir ofte til gjørmehol. **Sykkelløyper/skiløyper** kan ikkje skjerast inn i urørt terreng. Slike skjæringar vil kutte naturlege vatnvegar og løypene kan fort omdannast til små elevelaup i samband med ekstremvær som vi truleg får meir av i åra framover. Eit godt døme på dette er sykkelstigen frå Synningen til Nesbyen sentrum, Hallingspranget, som fekk store skader i samband med ekstremveret Hans.

- 11) **Lysforureining** er eit stort problem frå mellom anna alle hyttene i Nesfjellet . Lyset forstyrrar mellom anna insekta som slit om dagen, og me treng dirfor å gjere tiltak for å sikre insekta gode leveområder, ikkje minst m h t pollinering. Veglys bør ikkje vere tente på sommarstid. Slik kan kommunen spare straum og pengar!

Stortinget har gjett oss nasjonale føringar om lysforureining i Hytteveiledaren (sept 2022). Her står det mellom anna:

"Omfattande bruk av utelys gjer at mange hytteområde står som lysande byar i fjellet og langs kysten. Dette påverkar landskapsopplevinga over store område, og reduserer sjansen til å oppleve stjernehimelen. Det kan også forstyrre døgnrytmen til plantar, dyr, og insekt. "

Reguleringsplanar kan ha føresegner om maksimalt tal utelys eller at utandørs belysning skal avgrensast til inngangsparti. Det kan gjevast føresegner om at utelys skal ha armatur som er retta nedover, og stillast krav om bruk av lysstyringsanlegg som syter for at lyset blir dimma eller skrudd av om natta. Det kan også gjevast føresegner om fargetemperatur for å avgrense spreinga av lyset. Gatebelysning bør ikkje tillatast utanfor eventuelle sentrumsområde, og føresegnene kan regulere dette."

- 12) Mange **rundballar** har havna i Hallingdalselva dei siste åra i samband med ekstremvær og flaum. Somme enda reisa si på botnen av vassdraget, og dette tettar elvelaupet og defor forsterkar flaumen endå meir. Elvelaupet nedstrøms Nesflata bør difor renskast for runballar.

Runballar som er teke av elvevatnet, "pyntar" kantvegetasjonen langsetter elvelaup med kvit plast. Ikkje så veldig vakkert å sjå på, men endå verre er det at dette skotet skapar ein ubalanse i økosystemet. Etterkvart som det blir brote ned, vert miljøgifter og mikroplast frigjort i vassdraga våre. Enden på reisa er ein allereie tungt forurensa Indre Oslofjord. Planter og dyr i vassdraget t d fisk tek opp miljøgifter og mikroplast og slik endar plasten på vårt eige meddagsbord!

Ein grei regel som kommunen bør innføre, er at alt som skal lagrast evt byggjast, må skje på oversida av grensa som NVE har sett for ein 200 årsflaum. Det vil spare samfunnet for store kostnader og sikre naturmangfaldet.

- 13) Tiltak for å bekjempe **framande artar**.

Kommunen bør kartleggje kvar i kommunen det fins framande artar som t d Lupin. Vidare bør kommunen engasjere skuleklassar og støtte frivillige organisjonar som t d Naturvernforbundet i Hallingdal til gjennomføre aksjonar for å luke Lupin i kommunen.

Kommunen bør slå vegstrekningar som har den framande arten Lupin, tidleg på forsommaren, før blomstring, og seinare på hausten. Alt utstyr må reingjerast grundig etter kantslått der det veks Lupin.

- 14) Vernskog i tregrensa opp mot Nesfjellet, er viktig å ta vare på m h t mikroklimaet fordi denne skogen stengjer for den kalde fjellufta. Denne skogen må difor vernast. I samband med **skogsdrift** er det viktig å ivareta det biologisk mangfald. Kommunen bør unngå hogst i hekketida. Kommunen bør tilstrebe lukka hogst framfor flatehogst. Me foreslår at det blir innført meldeplikt for all hogst i kommunen. Hogst etter vatn og vassdrag og områder med viktige naturverdiar (jmf punkt 3 over) må sjølvstelt meldast. Det vil gjera det enklare å unngå hogst av rovfugleir, tiurleikar og andre artar som treng spesielle omsyn. Meldefrist 1 mnd før hogst.

Olav Arne Løstegaard leiar i
Naturvernforbundet i Hallingdal